

Berre 5 quiz-lag på Dønhaug

07.04.2012



Det sigrende laget framfor påskedekorasjonane som russen hadde laga

19 lag i quiz i Systrene Nilsen torsdag. Berre 5 lag i quizen på Dønhaug i kveld. Kva tyder det?

Det tyder kanskje at marknaden for denne form for hjernetrim trass i alt er begrensa. Og det fortel om to forskjellige arrangement, der det eine var ein rein quiz-kveld og det andre meint som opptakt til ein større fest.

Festidalen hadde også satsa på ikkje-påmelding på førehand fordi det var vellukka i romjula med 14 lag som kom.

Det var nok heller ikkje så vellukka denne gongen..



Husneskvartett som deltok og kalla seg Dei ugyldige: Hege Digranes, Anette Gregersen, Mari I. Johannessen og Linda L. Johannessen.

Ørjan Bakke frå Omvikdalen var programleiar også denne gongen og løyste oppgåva bra. Han skal særleg ha ros for ein bolk med sitatar frå diverse låtar og den geografiske rundturen som innleia programmet.

Til topps med klår margin gjekk eit lag som kalla seg Seks Pass og som hadde deltakarane Espen Mathisen busett i Oslo, Yngve Myhre i Bergen. Kjartan Thoresen i Omvikdalen, Åsmund Lilleaas frå Uskedalen og Wermund Vettrhus frå Uskedalen.

Dei fekk 59 poeng framfor Googlarane med 52 og så kom Skjer paprika på meg med 50, Sandvollaget med 33 og Dei ugyldige med 25. Det var med andre ord stor nivåskilnad.

Og så var det klårt for platesnurring og påskedans...

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen